



Etne kommune,
Sjoarvegen 2,
5590 ETNE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

Etne kommune - Budsjett 2021 - Økonomiplan 2021 - 2024

Etne kommunestyre har i møtet 10. desember 2020 handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer vi at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følge av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

Oppsummering

Kommunen har eit moderat gjeldsnivå og det er rom for å auke gjelda noko. Føresetnaden for dette er at drifta gir økonomisk grunnlag for planlagde investeringar og gjeldsauke.

Disposisjonsfondet bør vere minst 10 prosent av driftsinntektene. Det er viktig at fondet er på dette nivået for at kommunen skal ha tilstrekkeleg stor driftsreserve.

Budsjett 2021

I rekneskapen for 2020 er det eit netto driftsunderskot med om lag kr 13,1 mill. Det utgjer -3,4 prosent av driftsinntektene. Om lag kr 10 mill. av netto driftsunderskot i 2020 er korrigering av feilføring i tidlegare års rekneskap. Dette var i hovudsak for lite utgiftsført i tidlegare år knytt til premieavvik på pensjon, medrekna arbeidsgjevaravgift på denne. Utgiftsføring av korrigering i rekneskapen for 2020 er dekt med bruk av disposisjonsfond. Kommunen avklarte handteringa i rekneskapen for 2020 med oss.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2021 er kr 3,6 mill. Det utgjer 1,0 prosent av driftsinntektene.



Kommunen har budsjettert med kr 113,0 mill. i skatt på eige og inntekt for 2021. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 268,5 mill.

Inntektsprognosen for 2021 er oppdatert med innkomen skatt i 2020. Skatt og rammetilskot er ikkje budsjettert for høgt samanlikna med den siste inntektsprognosen. Kompensasjon for koronapandemien inngår i denne prognosen.

Det er budsjettert med kr 19,5 mill. i eigedomsskatt for 2021. Innkomen eigedomsskatt i 2020 var om lag kr 21,4 mill. Reduksjonen i eigedomsskatt frå 2020 til 2021 skuldast reduksjon i skattesatsen på bustader og fritidseigedomar frå 4,5 promille til 4,0 promille. Dessutan er botnfrådraget auka.

Det er budsjettert med kr 2,7 mill. i utbetaling frå Havbruksfondet.

Det er budsjettert med kr 8,8 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei ordinære avdraga oppfyller minimumskravet i kommunelova.

I 2021 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 26,9 mill. Av dette utgjer avgiftsfinansierte investeringar i vassverk og avlaup til saman kr 4,0 mill. Den største investeringa i år er i Skånevik kai.

Samla bruk av lån til finansiering av investeringar i budsjettet er kr 18,3 mill. Dette er bruk av unyttta lånemidlar (kr 11,35 mill.) og nytt låneopptak (kr 7,0 mill.). Investeringane blir elles finansierte med momskompensasjon, sal av driftsmiddel og tilskot.

Det er budsjettert med startlån til vidare utlån, kr 1,5 mill.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 er om lag kr 318 mill. Dette utgjer 81,9 prosent av sum driftsinntekter, eller kr 78.450,- per innbyggjar.

Kommunen si netto langsiktige lånegjeld, når vi trekker frå utlån, var til same tid kr 278,9 mill., som utgjorde 71,8 prosent av driftsinntektene.

Økonomiplan 2021 - 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanen for 2022-2024 er det lagt opp til større årlege netto driftsoverskot enn i budsjett 2021. Netto driftsoverskot er planlagt frå 2,3 prosent til 2,4 prosent av driftsinntektene i denne planperioden.

Kommunen sitt disposisjonsfond var ved utgangen av 2020 kr 46,2 mill. Fondet er redusert frå 2019 som følge av den nemnde korrigeringa. Disposisjonsfondet utgjorde ved utgangen av 2020 11,9 prosent av driftsinntektene.



Det er lagt opp til eit høgare investeringsnivå enn i 2021 for dei neste åra i planperioden. Det er planlagt fleire store investeringsprosjekt. Dei største investeringane i planperioden er i nytt vassverk Etnesjøen, ombygging av omsorgssenter, symjehall og i Tinghuset.

På bakgrunn av dei planlagde investeringane i planperioden, kjem lånegjelda til å auke i dei komande åra.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

1. Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 prosent av brutto driftsinntekter.
2. Netto lånegjeld skal ikkje overstige 70 prosent av sum driftsinntekter.
3. Disposisjonsfondet bør utgjere minimum 10 prosent av sum driftsinntekter, justert for siste års rekneskapsmessige meir- eller mindreforbruk.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen har eit moderat gjeldsnivå. Gjeldsnivået kjem til å auke i planperioden som følgje av fleire store investeringsprosjekt. Måltalet for lånegjeld er ikkje realistisk. Kommunen bør over tid ha eit moderat gjeldsnivå då det bidreg til økonomisk handlefridom. Det er likevel rom for å auke gjeldsnivået noko under føresetnad av at drifta gir grunnlag for det. Kommunen må reelt ha store nok netto driftsoverskot til å dekke auken i kapitalutgiftene av låneopptaka, også dekke driftsutgifter som følgjer av sjølve investeringar.

Netto driftsoverskot bør reelt vere på det nivået som er planlagt i økonomiplanen for åra 2022-2024, det vil seie på 2,3 prosent til 2,4 prosent av driftsinntektene. Dette bør vere nivået også etter at planlagde investeringar er gjennomførde.

Dei ordinære avdraga i budsjettet er låge. Vi rår kommunen til å betale årlege ordinære avdrag på 3 ½ prosent til 4 prosent (utanom avdrag på formidlingslån) av lånegjelda.

Disposisjonsfondet var noko over 10 prosent av driftsinntektene ved utgangen av 2020, sjølv etter bruk av fond i samband med korrigeringa i rekneskapan. For å ha tilstrekkeleg stor driftsreserve, bør kommunen også i dei komande åra ha eit disposisjonsfond som er minst 10 prosent av driftsinntektene. Dette er i samsvar med kommunen sitt eige måltal.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent